



# SOLUNDAVISA

2023



# SOLUNDPRISEN

## KOM MED FORSLAG TIL PRISVINNER 2023!

Kven syns du burde få årets Solundpris? No kan du sende inn forslag på bedrifter eller personar som du synest har gjort ein ekstra innsats for det lokale næringslivet.

Solundprisen er oppretta av Solund kommune, Sparebanken Sogn og Fjordane avdeling Solund og Solund Næringsamskipnad, og er ein kombinasjon av ein gjenstand og ein pengesum til ein verdi av 15.000 kr. Juryen er sett saman av ein representant frå kvar av dei partane og prisen vert vanlegvis delt ut kvart år på Solunddagane i slutten av august. Årets vinner vert offentleggjort og heidra på Sounddagane laurdag 26. august

Føremålet med prisen er å gje honnør til verksemder, institusjonar eller einskild personar som siste året, eller over lengre tid, har gjort ein ekstra innsats for å utvikle næringslivet i Solund, enten gjennom eiga verksemder og/eller ved å legge tilhøva til rette for andre.

Juryen skal ved val av prisvinnar gje ei grunngjeving for valet. Minst eitt av følgjande kriterier skal inngå i vurderinga.

### Takk for Solundprisen 2022

Vi ønskjer å takke for Solundprisen 2022. Prisen vart utdelt i ei travel tid med makrellfiske og bygging av båt i Danmark. Men dei to som starta reiarlaget var til stades for å motta prisen på Solunddagane.

Vi jobbar i ei næring der det alltid vil vere sviningar i fiskebestandar og fiskeprisar. Vi er derfor glad for at vi har hatt eit godt samarbeid med Sparebanken Sogn & Fjordane, som kjenner næringa, og er raske til å hive seg rundt når det trengs. Dei siste åra, har rekryteringa til næringa auke lokalt. Vi ser på dette som positivt for å bevare fiskerimiljøet i kommunen. Dagens fiskebåtar er blitt høgteknologiske, så ein treng engasjerte og framoverlente folk ombord i fartøya.

Vi ser fram til å få den nye båten i drift, og satsar på at det vert eit effektivt reiskap for oss i årene framover.

**Helsing Andreas, Tom, Hans og Erik  
Barstein AS**

Prisvinnaren må ha:

- Vist særskilt evne til nyskaping
- Vist særskilt evne til utvikling av eksisterande verksemd
- Vist særskilt evne til å ta i bruk ny teknologi
- Vis særskilt evne til å nytte lokale ressursar og lokale føremøner
- Vist særskilt evne til positiv utvikling av lokalsamfunnet
- Vist særskilt evne til å skape arbeidsplasser til kvinner og ungdom
- Små prosjekt er like bra som store

Kom med forslag til prisvinnar. Send inn ditt forslag med grunngjeving til Solund kommune enten på e-post eller i posten. Merk e-post/ brev med «Solundprisen 2023». Alle innspel vert handsoma konfidensielt.

### E-post:

anne.kristine.dyrdal@solund.kommune.no

### Postadresse:

Solund kommune, Hardbakke 26, 6924 HARDBAKKE

Frist for innsending av forslag er 20.07.2023.

### Årstall Vinnarar

<b>2022</b>	Barstein AS
<b>2021</b>	Heidi Sanden
<b>2020</b>	Lågøy Slip AS
<b>2019</b>	Solundmat AS
<b>2018</b>	Selstad AS
<b>2017</b>	Nina Bauge og Tom Erling Bahus
<b>2016</b>	Lambrechts Eftf. A/S Nåra
<b>2015</b>	Kari og Hans I. Steinsund
<b>2014</b>	Hallstein og Doris Steinsund
<b>2013</b>	Lending Rederi AS
<b>2012</b>	Rolf Eide
<b>2011</b>	Solund Verft AS
<b>2010</b>	Otto og Laila Einen
<b>2009</b>	Vidar Hop
<b>2008</b>	Nord Solund Fiskeriselskap AS
<b>2007</b>	Einar Bontveit
<b>2006</b>	Torbjørn og Inger Nessen
<b>2005</b>	Snella Kystsaua DA
<b>2004</b>	Sulefisk AS
<b>2003</b>	Sonja og Birger Hjørnevåg
<b>2002</b>	Little Færøy Kystkulturlag
<b>2001</b>	Øybygg AS
<b>2000</b>	Båtsmia/ v Færøy og Myhr

## SOLUND

### Helsing frå ordføraren

Dei årlege Solunddagane har blitt viktige møtepunkt for innbyggjarar, næringsliv, kommune og alle som har tilknytning til kommunen vår. Denne helga kan ein få eit lite innblikk i kva som rører seg i kommunen, og kjenne litt på «stemninga».

Kommunen vår er i ein fase der vi rustar oss for framtida. Kvart år har bruprosjektet over Ytre Steinsund vore eit tema, og sjølv dei som sa at «eg trur det ikkje før eg ser det», må no erkjenne at det ikkje er nokon veg tilbake. No ser vi framover og på kva moglegheiter som ligg i denne realiseringa.

Aktiviteten har allereie fått ringverknader for lokalt næringsliv, og det ligg forventningar om at ein også i neste fase med sjølvrebrubygginga skal sjå effektar lokalt. Men det er då viktig at ein kan samarbeide om å synleggjere kva moglegheiter ein har. Solund Næringsamskipnad er ein viktig aktør her, og arbeider tett saman med Solund kommune om dette.

Fiskerinæringa har alltid stått sterkt i Solund. Her ser ein no at nye generasjoner er på veg inn, og ein er i gang med planlegging av felles fiskeri/næringskai. Det er også planar for etterbruk av riggområde for bru i Søre Morteikva. Samla sett vil dette kunne skape nye moglegheiter og også vere med å styrke eksisterande verksemder i Solund. Vi registrerer også at det er stor interesse hjå havbruksnæringa for lokalitetar i Solund, og Losna Seafood sine planar om landbasert anlegg nærmar seg ei realisering.

Om ein lukkast med alle desse satsingane, vil det vere trøng for rekruttering til både eksisterande og nye verksemder i framtida. Dette krev ei heilskapleg satsing frå kommune og verksemder, og det å legge til rette for gode bumiljø og kultur- og fritidstilbod, blir viktig for at Solund skal bli den staden nye generasjoner og arbeidstakarar vil velje.

Vi meiner at vi er godt i gang, og er stolte over det mangfoldet av aktivitetar som finst, for både små og store. Ved fullføring av nytt garderobeanlegg og treningsenter ved idrettsbana, har Solund idrettslag i vår kunna spele sin første seriekamp på den nye bana, noko som har vore svært etterlengta. Solund idrettspark har også vist at det fungerer for store arrangement, og kjem til å vere ein arena for mykje aktivitet i åra framover.

I skrivande stund er ein midt i tilbodsprosess for nytt skulebygg, og under føresetnad av endeleg vedtak i kommunestyret tidleg på hausten, vil arbeidet starte opp så snart som praktisk mogleg. Det nærmar seg også oppstart av ny anbodsperiode for hurtigbåtane. Solund kommune arbeider no med endeleg

**Gunn Åmdal Mongstad**  
Ordførar Solund kommune

avklaring for mogleg konkret plassering av kai i kommunenesenteret, slik at ein har lagt til rette for dette når fylkeskommunen har fått gjort sine naudsynte vedtak.

Fleire ting kunne nemnast, som at det er fleire som buset seg ulike stader i kommunen, at det blir bygd nye hus, eller at vi er eit internasjonalt fellesskap med mange ressursar. Det er ikkje folketalet som avgjer kvaliteten på fellesskapet. Når vi opnar opp for andre menneske, tankar og idear, blir vi rikare. Dette er Solund sin styrke i dag, og vil vere det som skal bere oss inn i ei framtid der vi alle må ta vare på og nytte dei ressursane vi har i vårt område til beste for både kvar innbyggjarar og fellesskapet. Takk til alle innbyggjarar, arbeidsplassar og frivillige lag og organisasjonar som bidreg til dette. Vi er på god veg.

**Eg ynskjer arrangementskomiteen lukke til med Solunddagane!**



Foto: Ragne Borge Lysaker

# PROGRAM SOLUNDDAGANE

25 - 26. AUGUST



## Fredag

Næringslivssamling.  
Meir informasjon kjem  
Kunstutstilling

## Laurdag

Marknad ved Grendahuset  
Kunstutstilling  
Opning av EPI-senteret  
Konsert i Solund Kyrkje // Bjørn  
Tomren  
Dans på Grendahuset

## SOLUND NÆRINGSSAMSKIPNAD

# BJØRN TOMREN

KONSERT I SOLUND KYRKJE 26.08.23, KL. 17.30

**BILETTAR: TICKETMASTER.NO**



jodle». I 2019 ga Bjørn ut sitt første album, «Bad Science Fiction» til overveldande kritikkar. Bergens Tidende karakteriserte plata som «så mørk at man kan drukne i den». Tomren sjølv kallar det dystopisk sci-fi country som du kan lytte til i bakrus.

Som en av landets mest allsidige musikarar spenner Tomrens musikalske rekkevidde frå americana og religiøse folketone til jazz, viser, jodling, struplesong, dialekt-punk og psykedelisk-protest musikk.

Bjørn Tomren har også gjennomført fleire ekspedisjonar og innehavar verdsrekorden i flest forseringar av Norge på langs; i kajakk, til fots, på ski og i robåt.

Han kan også sjå tilbake på kort en karriere som klovn. Eller som forfattaren Erlend Loe seier det:

«Bjørn Tomren er ikkje berre ein gudbenåda musikar med fantastisk stemme. Han kan også sykle på eit hjul».

Stjernekamp er ikkje den første konkurransen kvar Tomren har seg bemerkja. I 2017 deltok han på verdsmeisterskapet i struplesong i Tuva, og tok heim en brONSEhest.

Bjørn Tomren har imponert heile Norge som den mest særeigne artisten i den populære NRK-serien «Stjernekamp». Med sitt unike utrykk og eineståande formidlingsevne har Tomren på kort tid klart å bli folkeeige, og har blitt omtalt som «den kulaste artisten i Stjernekamp gjennom tidene».

Artisten, låtskrivaren og komikaren frå Tomrefjorden er også kjent frå den notoriske jodle- og trekspillduoen Polkabjørn & Kleine Heine, som blant anna har varma opp for a-ha og blitt stjerner i dokumentarfilmen om seg sjølv «Kunsten å

## SULEKRAFTA

Solund Næringsamskipnad og Solund kommune ynskjer å skape ein møteplass på tvers av bransjar i næringslivet i Solund, der ein har faginnlegg, gjerne av eksterne relevante aktørar. Det skal også vere ope for diskusjonar og erfaringsutveksling mellom dei lokale bedriftene. Det er ambisjonar om å ha Sulekrafta ein til to gongar kvart halvår.

På den første samlinga var det innlegg om klyngetablering og rekruttering. Andre relevante tema kan vere desentralisert utdanning som næringslivet i Solund treng, rekruttering av lærlingar med meir. Næringslivet kan spele inn framlegg til tema.

## BYGGING AV NY SKULE MED BIBLIOTEK

Kommunen har lyst ut bygging av ny skule med bibliotek i Hardbakke. Det har vrt ein prekvalifiseringsrunde der tre entreprenørar no er valt ut til vidare deltaking i konkurransen. Konkurransen baserer seg på «design and build» som vil sei at entreprenørane skal kome med eit løysningsforslag tilpassa Solund.

Når anbodsprosessen er ferdig skal tiltaket til politisk handsaming i Solund kommunestyre for å fatte endeleg oppstartsløyve. Kommunen reknar med et oppstartsvedtak i løpet av hausten og at entreprenør då kan starte deretter.

## TILRETTELEGGING AV BUSTADFELT I HERSVIK

Kommunen arbeider med å få tilrettelagt bustadfelt i Hersvikbygda med totalt 5 bustadomter som ligg ved sida av den gamle skulen. Det skal leggast til rette med nødvendig infrastruktur som veg, vatn, avløp, straum og fiber inn til kvar bustadtomt. Den eksisterande parkeringsplassen i feltet blir verande som parkeringsplass.

Det er meldt interesse i bustadfeltet med folk som ynskjer å kjøpe tomter og føre opp bustadar. Tiltaket er til politisk handsaming og forutsett oppstartsløyve frå Solund kommunestyre.




## BYGGING AV KOMMUNAL BUSTAD I KLUBBEN

Oppreising av ein tomannsbustad i Klubben bustadfelt er i gong. Det skal først opp to 3-roms leilegheiter på 80 kvadratmeter kvar. Entreprenøren er no ferdig med grunnarbeid og held på å reise bygningskroppen. Leilegheitene skal vere innflyttingsklare 1. kvartal 2024.



# GALLERI BLINK



Anne-Britt Lerøy, koldnål



Inger-Johanne Brautaseth, «Urdypets bunn»



Inger-Johanne Brautaseth, «Urdypets bunn»



Gro Aakenes Sævig, skjert

Solund Kunstlag arrangerer også i år ei spennande og allsidig salsutstilling 25. august - 10. september 2023 i lokala til Solund Skyttarlag på Hardbakke, Galleri Blink. I år har vi to biletakunstnarar, ein keramikar og ein tekstilkunstnar.

Utstillarane er Anne-Britt Lerøy, Inger-Johanne Brautaset, Margrethe Barstad Golberg og Gro Aakenes Sævig. Alle held til i Bergen.

Anne-Britt Lerøy er grafikar og bileta er ganske nonfigurative, men gjev likevel assosiasjonar til vår verd. Linjene i ei kaldnålsradering vert rissa ned i ei plate med eit spist instrument av stål. Trykkinga av djuptrykk er svært komplisert og arbeidskrevjande. Teknikken har sine begrensingar og Anne-Britt held seg strengt til tradisjonen. Her er ingen innblanding av moderne teknologi, trykkesessen går sin gang med koparplate og sverte, presse og handemakt.

Inger-Johanne Brautaset er bilet-kunstnar og i prosessen med å skape nye biletar for sjøparker ho seg i sjøle essensen av materiala sine, der teknikk og struktur har sin eigen kunstnarleg verdi og ibuande kraft med fleire lag av moglegheiter. Kunstnaren er ein original tenkjar.

Inger-Johanne lagar sitt eige papir og har lært dette av eldgamle tradisjonar i aust. Inger-Johanne er svært oppteken av havets djup og kva mikroplast gjer med det som lever i havet. Interessa for økologi er noko som speglar biletar henna.

**Alle er velkomne til opning av utstillinga fredag 25.august kl. 18.00.**

Margrethe Barstad Golberg er keramikar og fasinert av det skjøre, men samtidig sterke materialet. Ho er oppteken av forma, som ofte er klar og stram, noko som gjev spelrom for leik med fargar og dekorelement. Margrethe er svært oppteken av samspelet mellom form og dekor; korleis ein dekor kan vere ganske lik, men likevel skape eit ulikt uttrykk.


**Helsing styret i Solund Kunstlag.**

Margrethe lagar store krukker, fat, koppar og skåler.

Gro Aakenes Sævig er tekstilkunstnar. Ho har stor interesse for kunsthistorie og teknikk, og har kombinert desse to interessene med å lage klede i gode naturmaterialar med trykk inspirert av kunsthistoria. Gro ønskjer at trykka skal ha noko kjent frå kunsthistoria, samtidig som mønstera skal vere henna uttrykk - ofte i eit geometrisk mønster. Gro lagar mellom anna kjolar, skjørt og skjert.

**Vi inviterer til ei kunstnarsamtale med Inger-Johanne i Galleri Blink søndag 10.september, der vil ho fortelje om biletar sine og vise korleis ho lagar papir.**

Sjå plakat for meir detaljerte opningsstider.



**Lending Rederi AS**  
Kvalitetsmat frå havet

Nysgjerrig på livet på sjøen?  
Følg oss på sosiale medium for eit innblikk i livet som fiskar!

✉ Post@lendingrederi.no  
 ⌚ Lendingrederias  
🌐 Lendingrederi.no  
  FACEBOOK Lendingrederias



**SULEHAV**

# UNG I SOLUND


Jamleg forskning viser ein stor auke i ungdomar som ønskjer å etablere seg i Solund etter endt utdanning. I tråd med at Solund kommune har over lengre tid hatt eit ønske om å satse på ungdomane i Solund, vart Ung i Solund prosjektet til.

Målet med prosjektet er at ungdomane skal kjenne på at Solund er ein god stad å vekse opp i, og at dei har gode plassar å «henge» på. Samt ønskjer kommunen at ungdomane har god kontakt, og kjennskap til arbeidsmarknaden som er her i Solund. Metoden ein vil bruke er mellom anna innbyggjerstyrt som gjer at ungdomane vert utfordra og opplært til å forme eige framtid.

Etter eit ønskje fra ungdomane har prosjektet, i samarbeid med Solund Ungdomslag fått «Loftskroken» i Solund Grendahus opna opp att. «Loftskroken» er ein ungdomsklubb for ungdomar mellom 13-24 år. Opningstid er vanlegvis tysdagar 18-21, og fredagar 18-22. For å delta på ungdomsklubben må ungdomane melde seg inn i Solund Ungdomslag.

**Kontakt Monica Thune på e-post for meir informasjon:**  
Monica.thune@solund.kommune.no

**Sjå Solund kommune si heimeside, Ung i Solund, for meir informasjon**





**STEINSUND  
ENTREPRENØR AS**  
[www.steinsundentreprenor.no](http://www.steinsundentreprenor.no)  
 952 33 647



**Utfører Graving - Boring - Sprøngning - Transport**

## Steinsund Marinesenter AS

For eit avslappande opphold i våre ferieleiligheter

Ring 97 57 51 17



## SOLUND VERFT - FLEKSIBELT VERFTSANLEGG - [www.solundverft.no](http://www.solundverft.no)



I en samtale Skipsrevyen hadde med Helge Norheim i Vesterhav AS, fikk vi følgende forklaring på at de hadde benyttet Solund Verft til oppdraget med M/S «Vesterhav». «Fornøyde kunder kommer alltid igjen. Vi hadde tidligere benyttet Solund Verft til reparasjonsarbeider, og de var gode på reparasjoner, de har vist seg gode på nybygg. De var også best på pris. Det at båten utstyres inne i en tett hall, gir etter vår mening et bedre sluttprodukt, og var også en del av vurderingsgrunnlaget.»

**Vi har fått en «kjempebåt»!**

- Ny stor hall på land – båtlengder 65 meter og 25 meter fri høgde – totalt krankapasitet 64 tonn
- Dokk (Syncrolift heveverk) 56x15 m, djupne max 6 m
- Løftekapasitet 1.000 tonn
- Max skipslengde: 75 m
- Oppstillingsplass for fleire farty på land
- 2 horisontale beddingar/oppstillingsplassar på 80 lm kvar
- Skipshall 60x15 m, med porthøgde 14 m, breidde 11 m, traverskran 15 tonn
- Maskinverkstad. Traverkran 5 tonn
- Kaianlegg. 3 stk kaier – totalt 200 lm kai
- Mobilkran 30 tonn
- Tårnkran 2,5 tonn – 50 m



## NYBYGG • UTRUSTNING • OMBYGGINGAR • REPARASJON • VEDLIKEHALD



Foto: Harald Valderhaug

# HARDBAKKE FÅR SITT EIGE EPISENTER!



Fjordkysten regional- og geopark er i ferd med å etablere besøks-sentre, såkalla Episenter, i alle sine medlemskommunar.

Desse står heilt sentralt i parken sitt formidlingsarbeid og skal utviklast i eit samarbeid mellom parken, lokale partnarar (næringsaktørar, institusjonar, grändalag, mm) og kommunane.

## Frå ide til realisering

Parken sitt arbeid skal vere lokalt forankra. Dette betyr at partnarar og lokalsamfunn må delta aktivt i utviklinga av parken sine tilbod. Skal vi få dette til, må dei lokale partane kjenne direkte eigarskap til parken og det einskilde episenter. Tanken bak eit Episenter er å kople parken sin formidlingsarena til ei eller fleire verksamheter som kan dra nytte av dette i si forretningsdrift. Samarbeida må utviklast steg for steg, med mange lokale aktørar involvert i utvikling av planar, dugnadar og arrangement.

Episentra er meint å skulla gje gode

ringverknadar for lokalsamfunnet og heile regionen. Sentra skal peika mot alle partnarane i parken som held til på ulike stadar og som har aktivitet og program som vil variere gjennom året. Parken ynskjer at dette skal

vere stadar der unge folk får arbeidspraksis og får bidra til å formidle si eiga natur- og kulturhistorie. Slik vert stoltheit og identitet bygd og dei unge vert knytt til heimstaden.

Solund sitt episenter vert etablert i Hardbakke, med tre ulike lokasjonar.

Hovudloksjonen vert den store sjøbua i hamna, der Fjordkysten regional - og geopark allereie har etablert eit av kontora sine. I tillegg vert det installasjonar i utrommet på Solund Leilighetshotell og på Hardbakke senter. Det er ynskjeleg å knyte desse 3 lokasjonane saman med spanande og innhaldsrike løyper, lys og kunstinstallasjonar, t.d. ei trapp frå Hardbakke senter til Skafferiet.

Eit «episenter» skal vere ein attraksjon der ein møter lokalsamfunnet sin identitet, kan få kjenne på parken sin «puls» og der ein oppdagar korleis både geologien, kulturen

og menneska skaper band mellom alle episentra i vår region. Eit episenter skal også vera eit naturleg utgangspunkt for kurs, samlingar, erfaringsutveksling og formidling.

Det er laga ein profil og raud tråd for alle sentra med tanke på utstillingar, innreiing, kart og informasjonsmateriell. Bygningane og områda episentra er i, skal formast slik at dei blir eit "fyrstårn" for berekraftig utvikling.

Den gamle sjøbua i hamna har sterke kulturhistoriske kvalitetar, og desse må hegnast om. Episenteret i Solund skal ha gode «rom» å vere i og desse skal bidra til å skape undring og aktivitet. Utstillingane skal skjerpe sansane slik at kvar einskild kan oppleve og bli nysgjerrige på dei ressursane som omgjev oss. Dette kan komme til utrykk gjennom innreiing, utforming av uterom, måten folk blir møtt på, forteljingane, aktivitetane, informasjonsmateriellet, m.m.

Kunstnaren Eva Meier vart hyra til å lage handteikna kart over alle kommunane der partnarane, særsigneitene i landskapet,



Parken sitt kontor i Hardbakke hamn


aktivitetar og opplevingar er teikna inn. Resultatet er unike kart for kvar kommune med ein detaljrikdom som appelererar til både store og små.

Alle episentra skal etter kvart få grunnsteinar som speglar geologien i området, og geologiske kart som syner korleis bergartane er fordelt.

Dei fire Episentra som no vert etablert har slik lokalisering og tematisk fordeling:

Sunnfjord kommune vart nyleg medlem i parken, og til neste år vil prosessen med å etablere eit eige episenter der, setjast i gang.

Episenteret i Hardbakke vert offisielt opna den 26. august.



Det vert lagt opp til at det vert gjennomført ein liten vandring mellom dei tre lokasjonane denne dagen!

KOMMUNE	LOKALITET	HOVUDSAMARBEIDSPART	TEMA/ANSVAR
Askvoll	Stongfjorden skule	Sunnfjord Geo Centre	Geologi og industrihistorie
Hyllestad	Kvernsteinsparken	MiSF/ Kvernsteinsenteret	Kvernstein og handel
Fjaler	Klokkgarden på Jakob Sande-senteret	Jakob Sande - senter for forteljekunst	Forteljekunst
Solund	Sjøbua i hamna, Hardbakke senter og Solund leilighetshotell	Norsk Kystkultarakademi, Solund Eiendom, Vidar Hop Skyssbåter	Kystkultur og kulturlandskap

GulenSkyss AS driver 3 rutesamband og 3 ambulansefartøy i Vestland fylke. Vi utfører også charteroppdrag i hele regionen

**GulenSkyss**

**sulefisk**  
LAKS FRÅ SOLUND

Rådgjerving  
Rekruttering  
RAS-kompetanse  
Innkjøp  
PR-kommunikasjon  
Prosjektleiing

VÅR KOMPETANSE PÅ DITT LAG

Besök gjerne [havbrukspartner.no](http://havbrukspartner.no)  
eller facebooksida vår @havbrukspartner

HAVBRUKSPARTNER AS  
Telefon: 902 88 064  
E-post: [post@havbrukspartner.no](mailto:post@havbrukspartner.no)  
Kontoradresse: Thormählensgate 53C, 5006 Bergen  
Postadresse: Grimstadvegen 115, 5252 Særdgrend

**pwc**

**havtal**  
rekneskap og rådgjeving  
[www.havtal.no](http://www.havtal.no) [post@havtal.no](mailto:post@havtal.no) 577 86 000

STARTE SELSKAP?

Vi hjelper deg på vegen - ta kontakt for ein hyggeleg prat.

**Marine Multiservice**

•VINTERLAGRING • MOTORSERVICE •  
NYKONSTRUKSJON • VEDLIKEHALD • MARINA •

MARINE MULTISERVICE AS - [MARINEMULTISERVICE.NO](http://MARINEMULTISERVICE.NO) - TLF: 941 74 633 - MAIL: [POST@MARINEMULTISERVICE.NO](mailto:POST@MARINEMULTISERVICE.NO)

# AMBULANSETENESTA I SOLUND



I 2022 tok GulenSkyss over ambulansetenesta i Solund. MS Rosesol er saman med søster-skipet Roseflora som held til i Florø, er dei største og mest moderne ambulansebåtane som er bygd her i Norge. Båten har hovudbase i Solund, men har operasjonsområde frå Gulen i sør til Atløy i nord.

MS Rosesol er eit nybygg som vart satt i drift 5. mai 2022. Det er blitt lagt stor vekt på gode sjøeigenskapet i dårleg vær slik at pasientar og

mannskap skal føle seg trygge om bord. Ambulansebåten har eit vinsjeområde kvar pasientar kan heisast opp i helikopter, alternativt kan lege bringast om bord. Behandlingsrommet er 32 m<sup>2</sup> og er utstyrt med to båreplassar. Dette gjer det mogleg å betene to pasientar samstundes. Båten har ein passasjerkapasitet på 10 og eit mannskap på 2.

Vi møtte skippar Sigve Lerpold, matros/ambulansebeidar Høgne Kirkebø og ambulansebeidar Jørann Kalland på den nye ambulansestasjonen for ein prat.

Jørann har jobba i Helse Førde sidan

2008. Han hadde sin første arbeidsvakt i Solund i 2015. Høgne Kirkebø starta i Solund i februar 2023, men har jobba i ambulansetenesta sidan 2014. Han har også tidlegare erfaring med ambulansebåt frå Askvoll og Florø. Sigve Lerpold har jobba som skipper på ambulansebåten i Solund i 17 år.

## Ny ambulansestasjon på Hardbakke

Mellan BKK og Grendahuset på Hardbakke har GulenSkyss bygd opp ein flott ambulansestasjon med gode fasilitetar. Ambulansestasjonen er bygd etter arbeidstilsynet og anbodet sin standard. Dette skal vere ambulansepersonellet og mannskapet sin base,

som til ein kvar tid har vakt.

- At vi no har fått fleire fasilitetar, som til dømes oppvarma garasje til ambulansebilen er ein stor oppgradering.

Ambulansepersonellet som har fast rotasjon i Solund, jobbar 50% i Solund og 50% på bil i Førde. Det er i alt 11 ambulansearbeidarar som rullerer på vaktene i Solund. Dei jobbar måndag – torsdag, eller torsdag – måndag. I tillegg er det to skipperar, og 2 matrosar. Matrosane er også utdanna ambulansearbeidar. Desse går 2 veke på, og 2 veke på fri.

## Livet som ambulansebeidar i Solund

Kvardagen som ein ambulansebeidar handlar mykje om rutinearbeid. Funksjonstesting, sjekk og telling av utstyr, kurs, trening, og bidra med planlagt vedlikehald ombord på båten. Å jobbe som ambulansebeidar er difor i utgangspunktet likt, men med nokre andre utfordringar.

- I Solund har ein ikkje så mange

ressursar å spele på. Her er det redningstekniske utfordringar i type oppdrag som kan vere annleis. Om ein skal ut på ei øy eller ein veglaus stad, så må ein tenke over ulike scenario i forhold til å bære eller bringe pasienten om bord i båten. Jo betre ein planlegg, jo betre fungera ting. Vi er eit team og tar avgjersler saman både maritimt, og i forhold til pasientsikkerheit og behandling.

Det kan vere utfordrande å behandle ein pasient i eit bevegande fartøy. Før eit oppdrag med ambulansebåten krevst det difor god planlegging.

- Vi må klargjere medisinsk utstyr, vurdere om ein treng ressurshjelp, som til dømes det lokale brannvesenet og ta vurderingar i forhold til vær og vind.

## Stort geografisk operasjonsområde

Ambulansebåten dekkar eit stort område. Det faste operasjonsområdet er frå Gulen i sør, til Atløy i nord. Båten dekkar også veglause bygder heilt inn til

Frønningen i Sognefjorden. I tillegg har ambulansebåten hatt fleire turar til Fedje.

I tillegg er det ein ambulansebåt i Florø, og vi har både redningsskøyte, ambulanshelikopter og redningshelikopter som kan være til hjelp om behov. Det er ein stor tryggleik for oss.

Ambulansearbeidarane har også ein ambulansebil tilgjengeleg på Værlandet, og ein på Lundøy i Ytre Sula. Dei betjener også ambulansebilen på Hardbakke.

## Ny ambulanshamn i Sildevika

Ambulansebåten har hatt midlertidig base i hamna på Hardbakke. Ambulansebåten har fått ny permanent hamn i Sildevika på Hardbakke, og denne vil vere klar i løpet av mai 2023.



## VI UTFØRER SKYSS OG CHARTEROPPDRAG!

M/S Stjernsund 28 passasjerer, marsjfart 23 knop · tlf: 977 95 989  
M/S Sulejet 12 passasjerer, marsjfart 22 knop · tlf: 977 99 438

SULEJET AS · Gåsvær 1 · 6924 Hardbakke  
Tlf: 992 74 220 · tfaer@online.no  
Tlf: 992 74 099 · hansgasv@hotmail.com



## GÅSVÆR FISKEFERIE

3 Utleige-eininger i restaurert bustadhus ved sjøen i særprega sjøhusmiljø. Båtutleige. Dagleg rutebåt til/frå Hardbakke.

Tlf: 992 989 75 · amarie-g@online.no  
www.visitgaasvaer.no



## BARSTEIN AS

M/S Barstein (lengde 14,99 m, bredde 6,90 m) driver fiske etter torsk, sild og makrell langs norskekysten. 4 årsverk

Gåsvær 1  
6924 Hardbakke

# YTRE STEINSUND BRU



Foto: Vestland Fylkeskommune

**Etterjulswinteren har vore krevjande for vegbyggjarane på Ytre Steinsund. Med mykje snø og glatte vegar har det resultert i mykje ekstraarbeid.**

- Det har vore utfordrande til tider, men vi har også hatt nokre heilt fantastiske vinterdagar, der snøen ligg heilt i sjökanten og sola skin. Alle som besøker prosjektet blir slått i bakken av den storslegne naturen her ute, vi føler oss verkeleg privilegerte som kan ha dette som arbeidsplass, seier Helge Follevåg, prosjektleiar i Vestland fylkeskommune. Han legg til at dei er glade for at dei verste vinterstormane har uteblitt denne vinteren.

Prosjektlearen har med seg ein byggjeleiari og to kontrollingeniørar frå fylkeskommunen på prosjektet. Dei har kontorrigg på Solneset, men bur i Gylta

## Første salve i september

Første sprengsalve på prosjektet gjekk av i september i fjor, og vel eit halvt år seinare ser ein tydeleg spor etter vegbygginga både på Daløy og på Ytre Sula.

På nordsida er det bygd veg heilt fram til Hesteneset, og på sørsida er det for første gong vefsamband mellom Guridneset og Nåra. Spesielt i Ytre Sula er det krevjande terren, noko som gjer at det er bygd pilotveg fram til Guridneset. Ein pilotveg er ein mellombels anleggsveg som vert bygd for å få fram maskiner og sprengje fjellskjeringar, men denne blir omgjort til permanent veg framover våren.

Samstundes med bygginga av vegane er vi også i gang med utfyllinga i sjøen der brufundamenta skal komme, fortel Follevåg.

- Dette er ei utfordrande oppgåve, for brufundamentet i sør krev ei stor fylling som må ligge stabilt på havbotnen. I tillegg må det mudrast på botnen i Søre Mortevika, der det store riggområdet til bruentrepreneur skal komme. Mykje av arbeidet må utførast frå lekter på sjøen, heller enn frå land.

Vegbyggjarane må også ha god kontroll på havstraumane og det som vert fylt ut i sjøen. Det må ikkje sleppast ut for mykje finstoff, spesielt med tanke på fiskeoppdrettsanlegget som ligg lengre inne i sundet. For å overvake desse utsleppa er det sett opp eigne målarar, og ei siltgardin i sjøen som skal samle opp grus og finpartiklar.

## Bruentreprise

Vegdelen av prosjektet skal vere ferdig innan sommaren 2024. Parallelt med vegbygginga går prosessen med å få på plass entreprenør til bygginga av sjølve bruva. Dette er ein litt annleis

utlysingsprosess, der kandidatane har vore igjennom ei prekvalifisering.

Dei som kom gjennom nålauget og vart prekvalifisert skal no i forhandlingar fram til sommaren, då skal ein etter planen stå att med éin tilbydar. Så skal bruva prosjekterast og godkjennast, og dette arbeidet er estimert til om lag 12 månader. Deretter er det forventa ei byggetid på 2,5 år.

Forventa kostnad på bruentreprisen er 600 mill.

- Men med den siste tidas prisstigning er eg spent på tilboda som kjem inn, vedår Follevåg.

No ser dei fram til at det blir varmere i vêret.

- Det har vorte lange arbeidsdagar



Foto: Vestland Fylkeskommune



Vener av Utvær er eit lag som arbeider for å fremje dei historiske og kulturelle verdiane knytt til øysamfunnet Utvær, og for å gjøre staden kjent og tilgjengeleg for publikum

## Bli medlem og støtt arbeidet til Vener av Utvær

Vaksen: kr. 300,-  
Familie: kr. 400,-  
Bedrift: kr. 850,-  
Grasrotandel: 995 545 721

Hugs å merke betalinga med e-post adresse  
Betal på vipp #111761 eller konto 3705.17.52156

# «FRÅ HOBBY TIL LEVEBRØD»

Å vekse opp i Solund er ikkje det same som å vekse opp i Førde eller Bergen der det er mange fritidstilbod å velje mellom. Det betyr ikkje at tilboda som er i Solund er dårlegare, men valmogelegeheter er ikkje så mange. Det som kanskje er betre, er at det kan vere lettare å sjå kvalitetane til den enkelte, og at ein får høve til å få utøve hobbyen sin på ulike arenaer som UKM, konsertar eller revy. Nokre ungdommar frå Solund fortel her om korleis oppveksten i Solund har påverka vala dei har gjort, og følgt draumane sine.



Foto: Johannes Liedbergius

## Magnus Vangsnes Bjørgo, tubaist v/ Den Norske Opera & Ballett:

"Eg tenker ofte på i kva grad det å ha vaks opp i Solund har prega meg og mitt virke. Og når eg seier ofte, meina eg ofte. Fleire gongar i veka.

At eg tenker på det, må bety at oppveksten i Solund faktisk har prega meg. I stor grad. Ettersom eg har klart å realisera draumar og nådd mål tenker eg på det som svært positiv.

Dette er sjølvagt særslig personleg. Men slik eg ser på det, er det å ha vaks opp på ein liten plass noko svært heldig. Nesten eksklusivt. Det handlar om å bli sett, høyd, og å ha moglegheit til å påverke samfunnet ein lev i frå ung alder.

Eg tek det ikkje for gitt at eg i Solund fekk utfalte meg med tuba og bassgitar, i den grad at det gav grunnlag for eit levebrød. Det kravde mykje jobb og dedikasjon, frå andre enn berre meg sjølv!

Det er sjølvagt ikkje alle små bygdesamfunn forunt å ha miljø, kultur og eldsjeler som står på for born og ungdom slik at dei kan få utfalte seg i den grad eg har gjort. Men Solund har dette. I mitt tilfelle med Skulemusikken som primus katalysator. Og Solund Skulemusikk er jo i aller høgaste grad ein skatt for - og av bygda. Det er vanskeleg å verdsette denne skatten, og alle positive ringverknadar den skapar, høgt nok.

Sjølvagt er det slik at ungdom frå Solund utmerkar seg i, positiv forstand, på mange andre områder enn musikk også. Men de har alle spelt i Skulemusikken, har de ikkje? Det er sjølvagt med glint i augo eg skriv dette. Men likevel.

Eg var også svært heldig som hadde gode rollemodellar og støttespelarar rundt meg også etter at eg flytta heimanfrå. Dei tre åra eg gjekk på Firda VGS på Sandane vart avgjerande for at eg valde å satse profesjonelt. Ikke minst fordi eg hadde ein fantastisk tubalærar, men eg reiste og til Vassenden i Jølster kvar tysdag ettermiddag for å øve med Jølster Musikklag. Dette er minne og vennskap eg har med meg for resten av livet.

Som sagt tek eg meg ofte i å reflektere over korleis miljøet i Solund har forma meg, og eg er glad for at eg får lov til å skrive om det i Solund-Avisa. Det å ha vaks opp i havgapet er noko eksotisk, og det er i høg grad identitetsskapande. Det å vere stolt av heimstaden sin trur eg er eit privilegium som gjer at reisa frå ungdom til vasken, gjennom studiar, jobb - ja livet - vert litt lysare, litt enklare. Og eg trur mange som veks opp i Solund er stolt av heimstaden sin."



Foto: Eirik Malmo

## Thea Lambrechts Vaulen, skodespelar på Det Norske Teatret

Skodespelarkarriera starta i barnehagen då vi sette opp Geitekillingen som kunne telje til ti. Eg ønskte å spele Geitekillingen, men det fekk eg ikkje, eg måtte ta til takke med å vere Kalven. Trass i "vonbrotet" over ikkje å få hovudrolla, var gnisten for teater tent allereie her.

På skulen fekk eg høve til å vere med i fleire framsyningar med musikk, teater og dans. Vi fekk også ta del i førebuingane som måtte til for å lage framsyninga. Dette var nyttig, både fordi vi fekk eigarskap til prosjektet, men også for å forstå kva som må til for å gjennomføre noko slikt.

Kulturskulen hadde berre eit par tilbod på den tida, og i ein kort periode var drama eit av dei. Og det var stor stas å vere med i framsyninga Måken Jonathan. Dette gav meirsmak, og heldigvis var det nokre kjekke eldsjeler som tok initiativ og sette opp og gjennomførte fleire teaterframsyningar som eg fekk vere med i. Dette bidrog til å oppretthalde interessa for teater og eg fekk moglegheit til å utvikle meg.

Samstundes gjekk eg i skulemusikken, der vi bla. fekk reise både til inn- og utland for å delta på konkurransar. Der venta store opplevelser som gjorde inntrykk, og eg fekk kjensla av at også «vesle» Solund kunne markere seg ute i verda.

I 10.klasse var det duka for russerevy med skrålakk på Solundsamfunnet. Det vart ein leiken prosess med mykje fantasi og så godt som fri utfalding. Det trur eg er sunt. Ein av gevinstane frå revyarbeidet var at ein oppdaga nye sider ved både seg sjølv og dei andre i klassen. Det krevst noko anna for å briljere på scena, enn på fotballbana.

Det eg sit igjen med frå barne-og ungdomsåra i Solund er glede av å vere ein del av ein gjeng som jobbar mot eit felles mål. Det var viktig at vi hadde trygge vaksne som gav ros og oppmuntring, men også turte å utfordre. Å drive med teater aleine, kan bli einsamt. Men det at folk her i Solund har hatt tillit og interesse, og nytta meg til blant anna Lysfestival og kyrkjearrangemang har hatt stor betydning.

Etter ungdomsskulen gjekk eg på dramalina ved Firda videregående på Sandane, der vart eg meir sikker på at det var skodespelar eg ønskte å bli. I 2019 var eg ferdig med bachelor i skodespel på Kunsthøgskulen i Oslo.



Foto: Jens Røttingen.

## Jothika Sivapalan, student:

Eg byrja først å spele kornett då eg var 4 år, og lærte frå store-systrene mine. I tredje klasse blei eg med i Solund skulemusikk som skulle gje meg inngangen til ei stor musikalsk verden. Her fekk eg meistre instrumentet i samspel med andre og fekk god oppfølging.

Erlend Trovåg har alltid utfordra meg med spontane speletimar og kyrkjeconcertar, noko eg har vekse mykje på.

På ungdomsskulen var det korps/speling fleire helger i månaden, sida eg også deltok i ungdomskorps, der eg fekk utfordre meg med andre engasjerte og ambisiøse musikantar på min alder. Eg lærte også å spele piano i kulturskulen og dette

hadde overføringsverdi til hovudinstrumentet mitt.

Det var også kjekt å få vere med på UKM då eg var yngre, og få prøve meg både i ensemble og som solist gjennom kulturskulen.

I Solund har eg også vore veldig heldig som har hatt dyktige pianistar/organistar tilgjengeleg, som har tatt alt av akkompagnatornotar på sparket. Musikk har vore ein stor del av kvardagen min sida eg byrja i skulekorpsset.

Eg starta på Kongshaug musikkgymnas, der fekk eg utfolde meg i ulike type sjangrar, besetningar og utforske den klassiske trompetmusikken. Dette inspirerte meg vidare til å ta bachelor i utøvande klassisk musikk med PPU ved Universitetet i Stavanger. Her får eg både utvikle meg som utøvande musikar innan klassisk musikk, i tillegg til at eg får utdanning til å bli adjunkt.

Det å undervise og instruere syns eg er spesielt kjekt. Eg debuterte som dirigent i eit skulekorps i Stavanger dette året, og korpset kom på pallen for første gong på ti år, noko som var veldig kjekt! I tillegg tilbyr eg privattimar og speleoppdrag som sjølvstendig næringsdrivande, på sida av å studere fulltid. Det å gjøre musikk til levebrød er travelt, men veldig gievande og kjekt! Eg er stolt av å komme fra Solund som har gitt meg mange moglegheiter som musikar, noko eg er takknemleg for.



**Elias Engevik, fotojournalist i TV2**

På ungdomskulen fekk eg låne mamma og pappa sitt video-kamera, eit lite JVC handycam. Eg har mange gode minner frå innspeling av kortfilmar i arboretet, på kaia, og i skogen. Naboar og venner fekk prøve seg som skodespelarar i absurde actionfilmar der manuset vart til under vegs.

Ørjan Trovåg, Fredrik Røed, Nikolas Drakos og eg laga ein film som vi meldte på UKM (Ungdommens kulturmønstring). Den gjekk vidare til landsmønstringa, men då fekk vi «kalde føter», og var for flauge til å vise resultatet, så det vart ikkje noko av!

Likevel var det å jobbe fram mot UKM ein positiv prosess. Det er viktig å ha slike arenaer i lokalsamfunnet, der ein kan få høve til å utfolde seg.

Vi hadde det berre kjekt, og utan at eg visste det der og då, vart dette starten på lidenskapen min for historieforteljing gjennom video og bilet.

Eg fekk journalistopplæring på NRK Nynorsk Mediesenter etter vidaregåande, så gjekk eg inn i Sjøforsvaret og jobba som fotograf, så tok eg utdanning på Lillehammer og jobba i NRK Innlandet parallelt.

No, 13 år seinare er eg i skrivande stund attende frå min tredje tur som fotojournalist i eit krigsramma Ukraina. Elles har eg med meg kameraet mitt på alt frå lokale saker om vær og politikk i Sogn og Fjordane, til Champions League kamper, det siste året har det blitt tre turar til Ukraina.

I fjor fekk eg fast jobb i TV 2, og er heldig som får betalt for å gjøre det eg elskar!

Å vekse opp i Solund, der ein har masse tid og moglegheiter til å finne ut kva ein vil drive med har vore viktig. Eg følger med, og er verkeleg stolt over at fleire i Solund har gjort hobbyen om til levebrød.

#### **Julia, distriktsmusikar på trumpet for Sunnfjord kommune:**

Då eg var liten kunne eg verte misunneleg på tilreisande bybarn som fortalte at dei gjekk på eksotiske fritidsaktivitetar som ballett, rideskule, turn, tennis, sirkus, alpin osv.

Tenk så heldige dei var som kunne velje mellom så mange aktivitetar!

Jammen går vi glipp av masse i Solund, eller gjer vi?

Eg har fått unike moglegheiter som ein berre kan drøyme om dersom ein veks opp i ein by.

Eg blei sett og «utnytta».

På ein liten stad er det viktig å utnytte alle sine ressursar for å skape

eit levande og veksande samfunn. Eg opplever at Solund kommune er veldig god på å «utnytte» folk.

Misforstå meg rett.

Der brukar dei innbyggjarane dei har, finner ut av deira sterke sider og bygger samfunn ut av dette.

I mitt tilfelle fekk eg ei unik moglegheit til å fungere som ein ressursperson i ung alder.

Eg var 8 år då eg begynte på piano på kulturskulen og eg var 9 år då eg begynte som aspirant i Solund skulemusikk. Eg hugsar godt då eg som 10 åring fekk lov å vere orgelstemmer-assistent. Mi oppgåve var å sitte på orgelkrakken i Solund kyrkje og trykke ned ulike tonar medan orgelstemmaren jobba inni orgelet og blåste støv ut av pipene. Vi brukte mange timer på arbeidet denne dagen og eg var trøytt på slutten, men i følge stemmaren var dette berre ein liten jobb, då orgelet i Nidarosdomen kunne ta opp til heile 3 veker å stemme!

I ungdomsskulealder fekk eg prøve meg som pianolærar. Eg underviste 2 pianolevar heime på rommet mitt. Då lærte eg mykje om kva som krevst for å vere instrumentallærar og at ein bør rydde rommet sitt før ein inviterer elevar inn. Viktig lærdom...

Nokre år seinare var eg sommarvikar som organist. Eg var 17 år og fekk spele i både gudstenester, gravferd, dåp, bryllaup og basar. Kyrkja gav meg stor tillit til å utvikle meg musikalsk gjennom konkrete arbeidsoppgåver. Dette er eg svært takknemleg for.

Gjennom Solund skulemusikk fekk eg oppleve den sosiale delen av å halde på med musikk.

Å dele speglede med andre musikantar og reise på turar og konkurransar har skapt mange gode minner. Eg blei tatt godt vare på av Erlend Trovåg som utfordra meg til å delta på solistkonkurransar og som var god på å motivere og skape sjølvtillit. Vi var ein liten gjeng i korpset som reiste på musikkurs om sommaren og som spelte i regionkorps. Då fekk eg treffen andre likesinna og spele på eit høgare nivå. Seinare begynte eg på Kongshaug Musikkgymnas og deretter Manger Folkehøgskule. Her tok eg valet om å ha musikk som levebrød og med dette følgde ei 6 år lang utdanning på musikkonservatoriet i Tromsø med 2 års utveksling i Dublin.

Gjennom studietida blei eg ofte invitert til å delta på romjulskonsertar og sommarkonsertar i regi av kyrkja. Her fekk eg øvd meg på å vere solist og å sette saman konsertprogram saman med andre. Det var kjekt å komme heim i feriane og kunne spele på heimebane.

I dag bur eg i Førde og jobbar som distriktsmusikar på trumpet for Sunnfjord kommune.

Å vere distriktsmusikar vil seie at ein er 50% pedagog og 50% utøvar.

Min undervisningsdel består i å vere skulekorpsdirigent og messinglærar, i tillegg har eg musikkverkstad for barn i alderen 3-5 år. Min utøvardel består i å vere orkestermusikar for Opera Nordfjord, kammermusikar på Gloppe Musikkfest og Sogn Musikkfest, i tillegg til å produsere og utøve skule-, barnehage- og helsetunkonsertar. Eg blir også innleid til å spele ved konfirmasjonar, gravferd, vigsel eller ulike opningsseremoniar.

Arbeidskvardagen min er svært innholdsrik og eg trivst veldig godt med å ha ein jobb som utfordrar meg og som eg kan vekse i. Eg hadde flaks med at jobben blei ledig akkurat då eg var ferdig med studiane. Eg måtte gjennom eit omfattande prøvespel som bestod av både spelning og prøveundervisning. Gleda var stor då eg fekk draumejobben fast.

I jobben tek eg med meg nyttig erfaring frå oppveksten min i Solund. Eg er bevisst på at elevane mine skal verte ressurspersonar på heimstaden sin. Blir vi gode på å sjå ungdommar sine sterke sider og «utnytte» dette, så hjelper vi dei også å finne sin plass i livet.

Takk til alle som stilte opp og støtta meg i barndommen og ungdomstida!

Det setter eg stor pris på i dag.



Foto: Sunnfjord kommune



## BÅTFRAKT MELLOM BERGEN OG ASKVOLL

Fraktruta til MS Rani er svært fleksibel. Vi kan levere det aller meste av gods og kan gå innom dei fleste passar langs ruta. Om du har behov for å frakte kjølevarer, pallelast og spesiallast langs kysten mellom Bergen og Askvoll kan vi levere gode løysingar til svært konkurransedyktige prisar.

**AVGANG BERGEN**  
måndag, onsdag og fredag  
kl. 10:00

Fleire avgangar  
frå Askvoll til Bergen  
kvar veke.

**VI HAR MOGLEGHEIT TIL Å GÅ TIL FLORØ VED BEHOV**

MS Rani har god lastekapasitet på 100 tonn fordelt på ca. 100m<sup>3</sup> lasterom, 14m<sup>3</sup> kjølerom, og ca 100m<sup>2</sup> dekksareal. Båten har stor kran som kan løfte opp til 5 tonn. 10m<sup>3</sup> diesel.

Dømer på varer vi kan frakte er matvarer, fisk, sauer, takstein, konteinere, gass, dynamitt, diesel, trelast, stålplater og ulike typar konstruksjonar. Lodd og ankerhåndtering. Vi har stort lager på Hardbakke for oppbevaring av gods, og det er moglegheit for å sette av last i døgnopen Kyst1-terminal i Bergen som skal vidare med oss.

### KONTAKT RANI

**E-post:** rani@vidarhop.no  
**Telefon:** 468 49 551

For spesialtransport, faste leveransar eller andre henvendingar, kontakt Hans Kristian Hop på telefon **970 92 999** eller **hahop@vidarhop.no**

### EKSPEDISJON BERGEN

**Thomas Lorenz** Speditør  
**E-post:** thomas@kyst1.no  
**Telefon:** 40 76 03 46 / 55 30 79 50  
**Adresse:** Kyst 1 AS, Bergen, Fjordgaten 5,  
Skur 26 Møhlenpris, 5006 Bergen

## HAES elektro & rør



SATSAR PÅ LÆRLINGAR!

I SAMARBEID MED:



OFEL – Opplæringskontoret for elektrofag i Sogn og Fjordane



Opplæringskontoret for Bygg- og Anleggsteknikk  
WWW.BYGGOPP.NO

# 3. GENERASJON «SJARMØR»



Foto: Lars Helge Saltskår

I 1993 stifta Lars Helge Saltskår, Tom Færøy, Rune Saltskår, Hans Gåsvær, Henrik Ravnøy og Jostein Saltskår Nord Solund Fiskeriselskap. 30 år seinare har selskapet kjøpt sin tredje «Sjarmør», og tredobla lengda på båten. Vi har tatt ein prat med Tom Færøy som fortel om historia til Nord Solund Fiskeriselskap.

Vi var ein gjeng med ungdomar som på den tida satt å diskuterte framtida og fiskerinæringa i Solund, seier Tom Færøy.

- Vi var bekymra for framtida, og for fiskerinæringa i Solund. Kvar gong vi møtte kvarandre vart dette eit naturleg tema, og til slutt vart prat til handling. Nord Solund Fiskeriselskap vart stifta.

Samstundes som fiskerinæringa var utsett, var det også eit behov for fornying av flåtane til reiarane.

- På 80-talet var ikkje fiske eit populær yrke, det var fleire reiarlag som måtte kondemnere båtane sine. Men på 90-talet såg vi eit oppsving i næringa. Vi hadde også på denne tida eit behov for å fornye fartøya våre, så alt i alt vart det eit perfekt tidspunkt for å stifta selskapet, seier Tom.

## MS Sjarmør

Same år som Nord Solund Fiskeriselskap vart stifta kjøpte dei sin første båt. MS Frisco Star med ei lengd på 21 meter. Reiarlaget gav båten namnet «Sjarmør» og forlenga den seinare til 28

meter for å betre lastekapasiteten.

## Kvifor «Sjarmør»?

- «Sjarmør» er eit gammalt fiskebåtsnamn, og tidlegare brukt i eit reiarlag fra Bjarøy, vest for Bergen. Fleire sulingar jobba på denne båten. Vi ønska ikkje å starte opp med eit namn vi hadde i forbindelse med dei gamle familiereiarlaga. Ja, då vart da berre sånn, seier Tom med eit smil.

Den første båten reiarlaget kjøpte hadde torskekvote, i tillegg til sild og makrell. Båten fiska med snurrvad, men var og utstyrt som ein ringnotbåt. Båten var litt forut sin tid, legg Tom til.

MS Sjarmør har frå starten av hatt eit

mannskap på 6-8 personar, og med Rune og Lars Helge som hovuddrivar. Eg var med innimellom, men jobba mest med administrative. Vi snakka på telefonen minst 3 gonger kvar dag, så det var nesten som at eg var om bord heile tida, ler Tom.

Dei tilsette var stort sett frå regionen, og det var alltid tilsett litt fleire enn kva dei trengte om bord. Slik fekk ein avløysing ved lengre periodar med därleg fiske. I dag er det lagt opp til meir ordna forhold. Dei tilsette veit kvar tid dei har fri, og dei har også per i dag tilsette som kan avløyse dei faste tilsette når det vert lengre periodar på sjøen.

- Det ideelle er sjølvsagt dobbelt mannskap. Men dobbelt mannskap betyr også fleire å dele lotten med.

## Kjøp av fartøy og kvoter

Frå 1990 og utover valde Nord Solund Fiskeriselskap å kjøpe opp fleire fartøy og kvotar på sild, makrell og sei. Mesteparten av kvotane vart strukturert inn på hovudfartøyet «Sjarmør». Overflødige båtar vart seld eller kondemnert, med unntak av MS Sjonglør som framleis er i reiarlaget sitt eige. Dette er ei eldre skøyte på 19 meter, kjøpt frå Sotra i 1998, og som tidlegare høyrt til i Ytrøy under namnet «Hargo».

Vi valde å ikkje kondemnere MS Sjonglør fordi det var eit ønske om å ta vare på ei av dei gamle skøyteene. Ja, det er jo lett og slett nostalgi, seier Tom.

## 2 generasjon Sjarmør og ny fiskerihamn

I 2009 kjøpte reiarlaget MS Themis, ein svensk trålar på 36 meter. Båten vart i seinare tid omdøypt til MS Sjarmør, og gamle «Sjarmør» vart seld.

Med ny og større båt vart det også eit behov for større hamn. Nord Solund Fiskeriselskap har sidan 1993 hatt sin hovudbase i Saltskår i Nord Solund, men når dei kjøpte 2 generasjon «Sjarmør» på 36 meter vart hamna for litra. Den nedlagde ferjekaia på Nåra vart den nye hovudbasen til reiarlaget.

## 3 generasjon «Sjarmør»

I 2022 kjøpte Nord Solund Fiskeriselskap ringnotfartøyet MS Ingrid Majala frå Havsøysund. Dette er den tredje generasjon «Sjarmør» med ei lengd på 62 meter.

Førre «Sjarmør» heiter no «Sjarmør 2», og ligg for sal.

## Kvifor valde de å kjøpe ny båt?

- Mykje av fiskeria skjer no langt til havs. Då vart da naturleg for oss å investere i nytt og større fartøy. I tillegg er norsk fiskerinæring for tida utesengt frå britisk sone på grunn av Brexit, seier Tom. Og hittil har dette svart seg. Sjarmør hadde nemleg det første driftsåret eit godt resultat.

Med nok ein større båt vart det behov for endå større hamn. Utviding og fornying av kaia på Nåra er difor i full gong. Denne er planlagt ferdig før sommaren 2023. Vi har jo også eit framtidig ønske om å få til ei felles fiskerihamn i Solund, seier Tom.



Foto: Lars Helge Saltskår

# FELLES FISKERIHAMN

Solund kommune arbeider for å legge til rette for eksisterande og nye næringer. I dialog med både store og små aktørar kjem det fram at det er mange i næringa som har behov for betre liggjekai. Det er også mange som vil samle næringa for å betre kunna samarbeida.

Det er ønskje om fellesskap i næringa. Vinstane med å samarbeide kan vere mange: Ein får ofte til meir enn kvar for seg. Det kan redusere kostnader og skape fagfellesskap for framtidige generasjonar i næringa. Det kan legge til rette for knopskyting, styrke rekruttering, styrke tryggleik/ettersyn, gjere det meir sannsynleg å få lov til å gjennomføre tiltaka frå Statsforvaltaren, og det kan auke sjansen for tilskot. Kommunen vil delta for å legga til rette.

## VALFAG PÅ SOLUND UNGDOMSKULE

Valfaget Praktisk handtverk har det siste halvåret hatt to elevbedrifter. Den eine bedrifta har hatt sal av mat i kantina på ungdomsskulen. Det har blant anna blitt laga pizzabollar/tacobollar, vaflar og kanelbollar. Den andre gruppa har laga pallebord og benkar som skulle giast bort til omsorgsbustadane ved Solund Helsestasjon.

Alt materialet som er brukt, har vore gjenbruk av pallar som elles ville blitt destruert. Alt har blitt mala for å tolle utandørs bruk.

Dei har også laga krabbeteiner og fisk som barnehagen fekk, det var førre skuleår. Tanken var at det kan innby til leik i det maritime miljøet.

06.06. vart det arrangert ei koseleg stund ved omsorgsbustadane der benkar og bord vart overrekt. Det var eit samarbeid mellom skule, barnehagen, helse og omsorg og frivilligentralen.

Med ny bru over Ytre Steinsund frå 2026 blir det enklare å finna felles løysingar for næringslivet i alle delar av kommunen. Hamnelokalitetar som er vurderte innleiingsvis er Nåra, Ytrøy og Haldorsnes. Nåra peikar seg ut med tanke på sentralitet i kommunen, og gode areal. Haldorsnes vil ikkje kunna bli ei like god hamn utan større inngrep. Ytrøy er eit godt hamnebasseng, men ligg mindre sentralt i kommunen. Haldorsnes er eit verdifullt naturområde, og Ytrøy har truleg mindre utviklingspotensiale på land.

Du kan følgje sakar vidare på postlista på Solund kommune si heimeside i sak 23/222.



Isak, Helene, Emma, Tuva, Kamilla og Nina.  
(Ninni og Zuzanna var ikkje til stades)

### Nord Solund Fiskeriselskap AS

**Selskapets fartøy:**  
M/S Sjarmør (lengd 61,75 meter, bredd 11m60 meter)  
M/S Sjongler (lengd 19,2, bredd 5,36)

Driv fiske etter sild, makrell, lodd, brisling og makrelstørje  
9 årsverk

Selskapet har hovudbase på Nåra i Ytre Solund og ein mindre base på Saltskår i Nord Solund

Gåsvær 1, 6924 Hardbakke  
sjarmor@online.no



Hjå oss får du alt du treng - gjort enkelt

TRELAST • BYGGEVARER • MALING • JERNVARE • VERKTØY •  
DYREFØR • FISKEUTSTYR • HAGE OG MILJØ • KJØKKENUTSTYR •  
LEIKAR • INTERIØR • GÅVEARTIKLAR • FRITIDSUTSTYR

📞 904 00 960  
✉️ oybygg1694  
✉️ hardbakke@byggi.no  
🌐 Øybygg AS  
📷 byggfagas  
🌐 www.byggfag.no

Det me ikkje har på lager, kan me som regel skaffe



BYGGFAG

Takk for at du handlar lokalt



FJORDANE FRILUFTSRÅD  
SOLUND · ASKVOLL · KINN · BREMANGER · STAD · STRYN



- Friluftsliv
- Friluftsskular
- Skjergardsteneste
- Strandrydding

fjordanefr.no



## Vi har kontordagar etter avtale i Solund

### Kontakt våre rådgjevarar:



**Solveig Holsen**  
Kunderådgjevar privat

948 07 653  
[solveig.holsen@ssf.no](mailto:solveig.holsen@ssf.no)



**Julie Vårdal Heggøy**  
Ass. banksjef bedrift

909 94 421  
[julie.heggøy@ssf.no](mailto:julie.heggøy@ssf.no)



**Øystein Lihaug**  
Kunderådgjevar privat

410 44 424  
[oeystein.lihaug@ssf.no](mailto:oeystein.lihaug@ssf.no)



**Katrine Oddekalv**  
Kunderådgjevar bedrift

928 97 208  
[katrine.oddekalv@ssf.no](mailto:katrine.oddekalv@ssf.no)

# EUROPEAN SOLIDARITY CORPS ESC, VOLONTØRPROSJEKTET

Solund kommune ved Solund Frivilligsentral deltek i ESC som er eit EU-program for ikkje-formell læring. Programmet er for ungdommar mellom 18 og 30 år i Europa og nokre land i naboregionar. Prosjektet kan vare frå 6 veker til eit år. I Solund har vi vagt å ha prosjektet i eit år, september til august (ca. skuleåret).

Første gong Solund Frivilligsentral deltok i prosjektet var i 2005, så vart det ein pause fram til 2009. Sidan har ein delteke i dette prosjektet med unntak av dei to åra med corona.

For å få delta i programmet må ein i førekant lage eit prosjekt. Prosjektet vert godkjendt for fire år om gangen og ligg i ein europeisk database. Der vel ungdommane kva prosjekt og land dei ynskjer å søker på.

Det kjem mange søknader frå ungdommar som ynskje å delta. Ein må då velje ut dei ein meinar vil passe til å vere i Solund, ha intervju med dei, og sende informasjon om kommunen og prosjektet. Det må planleggast ankomst, kvar dei skal bu og det må lagast arbeidsplanar. Dette for å sikre at volontørane får eit godt, allsidig og meiningsfullt prosjekt.

Kvart år har vi teke imot to ungdommar. Dei har vore frå Latvia, Lithauen, Tyrkia, Ukraina, Frankrike, Tyskland, England, Spania, Ungarn, Belgia, Sveits og Nedeland.

I år er det Ronja Weisser frå Tyskland og Marit van de Mheen frå Nederland som her.

Målet med eit slikt prosjekt er at volontørane skal vere ein resurs i lokalmiljøet der dei brukar av sin lærdom og kultur. Samstundes skal dei også lære om norsk kultur. I Solund får dei blant anna høve å lære om norsk kystkultur av Roar Moe på Little Færøy. I tillegg er dei ekstra ressursar i skulen, barnehagen, Gjenbruket og hjelper til på aktivitetar og arrangement.

Som vertsorganisasjon pliktar vi å gi dei tilbod om norskkopp-læring og delta på velkomst- og midtårsseminar saman med andre volontørar som er i Norge. Alle som har delteke i prosjektet her i Solund har trivast god, og nokre har fått seg jobb etter prosjektslutt.

Ronja hadde allereie lært seg ein del norsk før ho kom. Det er to skular i Tyskland som har norsk som valfag på ungdomskulen, og ho gjekk på ein av dei.

Gjennom desse åra har porsjektet vorte godt etablert i kommunen. Borna i barnehagen gler seg alltid til det kjem nye



Ronja og Marit

volontørar som dei skal lære norsk. Erfaringane med å ha volontørar har vore svært positive.

I september kjem det to nye volontørar, Nikola frå Tyskland og Juliette frå Frankrike.



## NORSK KYSTKULTURAKADEMI AS

Norsk kystkulturakademi AS har formidling av kystkulturen som føremål, og driv mellom anna med undervisning, landskapsforvaltning, guiding og reiseliv. I tillegg tek vi oppdrag og prosjektarbeid knytt til samfunns- og næringsutvikling. Vi har også ein snekkeravdeling med fokus på bygningsvern.

Norsk Kystkulturakademi AS vart stifta i 2011 og har sitt hovudsete i Solund. Verksemda har i dag 4 tilsette samt ein lærling, og eige snekkarverkstad i Hardbakke hamn. Der lagar vi mellom anna møbler, innreing til båtar og anna på bestilling. Vi har også eige mobilt sagbruk.

I staben vår har vi fagfolk med utdanning i både tømrar- og møbelsnekkarfaget, og vi har eit godt samarbeid med andre tradisjonshandverkarar i regionen. Når Bergen Arkitekthøgskole kjem på sitt årlige feltkurs i Solund for å lære om vestnorsk byggetradisjon, grindebygg og vøling, er våre tilsette innleidd som lærarar.

- Vi restaurerer bygningar og lagar grindverksbygg
- Vi utfører det meste av innvendig og utvendig snekkararbeid
- Vi byggjer hagemøbler og innreiingar til hus og båtar.
- Vi er godkjent lærlingverksemd og våtromsverksemd

Vi er oppteken av kvalitet. Dette skal avspeglast i jobben vi gjer, slik at du som kunde vert nøgd !

kystkulturakademiet.no · Willem Pranger tlf 476 55 072 · post@nkka.no



# SIT DU STILLE MEIR ENN 8 TIMAR OM DAGEN?

Då er du ikke åleine. Heile 80% av oss gjer det, viser ferske tal frå idrettshøgskulen og FHI.

Stillesiting er ikkje bra for helsa (bombe 😞), men den gode nyheita er at du kan kompensere for det.

**Beveg kroppen minst 5 timer i veka**

- Hugs at alle minutter med aktivitet tel (du treng ikkje gå på treningsstudio og spele fotball for å vere aktiv)
- Spring du etter bussen, går ein tur eller gjer husarbeid så tel alle desse minutta med i dei 5 timane i veka

**Har du ei real treningsøkt (med høg puls og vert ordentleg andpusten), så kan du halvere den anbefalte tida.**

- Det vil seie: At 2,5 timer med aktivitet i veka kompenserer for det stillesitjande arbeidet ditt.

**For øvrige er om lag 20 minuttar dagleg akkurat passe**

**Større barn og ungdom bør vere i aktivitet ein time for dagen – Aktiviteten på skulen tel med**

**Trener du litt styrke to gonger i veka i tillegg, er du rusta for det meste**

**Begrens skjermbruk – Fordi du då sit stille – Og, fordi aktivitet er viktig for vekst og utvikling.**

- Barn under to år anbefalast å ikkje bruke skjerm
- Fram til barna er fem år: maksimum ein time dagleg
- Dei større barna og ungdommene anbefalast å finne ein god balanse mellom passiv skjermbruk og tid i aktivitet

(FHI, Helsenorge)



**Hans I. Steinsund**  
Oppdrett av storfe og melkeproduksjonsforetak  
 913 45 108

# MED HJARTE FOR UKRAINA



Yana og Alina, foto: Gry Buer

Sommaren 2022 tok Solund kommune i mot dei første flyktningane frå Ukraina, og har busett 22 born og vaksne. I dag bur 18 av dei framleis i Solund.

Borna startar i barnehage og skule, medan dei vaksne startar introduksjonsprogram der dei blant anna lærer norsk. Når ein skal lære eit nytt språk er det viktig å få praktisere det. Difor har dei vaksne ein til to dagar i veka utplassering hjå ei bedrift og har språkpraksis.

Yana Leliuk har hatt språkpraksis på Gjenbruket på Hardbakke sidan ho kom til Norge i oktober 2022.

Det er mange som har spurt om det er noko vi her i Solund kan bidra med til dei som har krigen tett innpå seg i Ukraina. Yana sette Gjenbruket i



Foto: Found Taps



Foto: Irene Vaulen

kontakt med hjelpeorganisasjonen FUND Taps, og spurte om det var noko særskilt dei trengte. FUND Taps held til aust i landet, der krigen er harast råka.

Det var behov for baby- og småbarnstepper, strikka labbar til vaksne menn som ligg på sjukehus, og diverse hygieneprodukt.

Slik starta prosjektet «Med hjarte for Ukraina»

Dei som hadde restegarn kunne leve det på Gjenbruket, og dei som ønska å strikke kunne komme å hente garn der. Det er sydd små hjarter som ein sel, og for pengane vert det kjøpt bleia, våtserviettar, bind mm.

Folk i Solund og rundt omkring har strikka tepper, labbar og luer. Det er

komme inn sekkar med kosedyr, som også vert lagt med i øskjene som vert sendt. I kvar sending vert det også lagt med eit brev som fortel litt om Solund som Yana har oversett til Ukrainsk.

Enkeltpersonar har strikka opp til fleire tepper, og set pris på at dei kan bidra. Gjenbruket har fått biletar frå FUND Taps, som viser glade born og vaksne når dei mottek gavene Tusen takk til alle som har vore med å stikka, kjøpt hjarter og komme med kosedyr.

Prosjektet held fram, og vi sender ført løpende pakkar til FUND Taps. Om du vil bidra med strikk, eller ynskjer å kjøpe hjarte, kan du ta kontakt Gjenbruket på Hardbakke.



Foto: Found Taps



**Over 30 års erfaring som maskinentreprenør.**

Tlf: 906 99 150  
E-post: trond@sognnesas.no

## Solund LEILEGHEITSHOTELL

Solund.com • Tel: 91189822/90055891 • 6924 Hardbakke • post@solund.com



Dråpen moderne



Dråpen m/solcelle



Dråpen tradisjon

**Lat oss realisere  
din bustaddraum!**

Vi tilbyr:

- Hus og hytter frå Norgeshus
- Eigen prosjekteringsteneste
- Byggeleiing og prosjekteiing

Ring oss gjerne på 992 81 401

Bestill gratis hus- og hyttekatalog:  
[www.norgeshus.no/norgeshus-ryland-bygg-as](http://www.norgeshus.no/norgeshus-ryland-bygg-as)  
jostein.ryland@rylandbygg.no  
Norgeshus Ryland Bygg / 6958 Sørbovåg





**ENIVEST**

Nett der du er



LYNRASKT INTERNETT

## Frå nord på Færøyna ...til sør på Kverhella

Med fiber frå Enivest surfar sulingane på prisvinnande\*  
internett, med kundeservice i Norgestoppen\*\*



Sjekk kva du kan få på [enivest.no](http://enivest.no)

\*1. plass - nPerf Speed Test H2 2021 - H2 2022, fast breiband

\*\*2. plass - Kundeserviceprisen 2022, fast breiband

**VIDAR HOP SKYSSBÅTAR**

## TRYGG OG BEREKRAFTIG TRANSPORT AV FOLK OG GODS LANGS NORSKEKYSTEN



**MS FJORD VIKING**



**MS SOLUNDIR**



**MF BARMEN**

Med passasjerruter, godsfrakt, charter, skyssbåtar og opplevingsturar er vi eit reiarlag med stor breidde både i aktiviteten og flåten vår. I organisasjonen vår er vi over 40 eigne tilsette. Vi er også med på å skape arbeidsplassar og verdiar via underleverandørar og sesongarbeidarar.

Vi investerer i framtida, er opptekne av tryggleik, og av å ta vare på folk og natur. Med bakgrunn i dette vart vi i 2023 sertifisert som Miljøfyrtårn-bedrift.



Vi er eit rederi med aktivitet frå Bergen i sør til Brønnøysund i nord, og har 12 fartøy plassert ut på desse stadane frå vårt hovudkontor på Hardbakke i Solund kommune.

**TRONDHEIM**

**BERGEN**



Bli betre kjent med oss på [vidarhop.no](http://vidarhop.no)



# HARDBAKKE SENTER



Butikkar · Rekneskapskontor · NAV · Tannlege · Firda billag

## ØYBYGG AS

**tlf. 904 00 960**

Trelast, jernvare, interiør, maling,  
fiskeutstyr, byggevarer

## SPAR SOLUND

**tlf. 57 78 71 17**

Daglegvare, tipping, bensin, blomster

## GJENBRUKET

**tlf. 412 43 087**

Gjenbruksbutikk og kafé

## HAVTAL AS

**tlf. 57 78 60 00**

Rekneskap

## FIRDA BILLAG BUSS

**tlf. 57 72 50 00**

## RØRLEgger VVS RUNE BERGE

**tlf. 48 86 59 10**

Turistinformasjonen finn du på -Gjenbruket – Tlf. 908 82 860  
Trådlaust internett på vrimlerommet!

## SOLUND KOMMUNE:

Solund Frivilligsentral, BUA,  
Solund Kulturskule, E-sport

## VEL LOKALT, FOR SOLUND SI FRAMTID

Lokale verksemder er med og skaper vekst, verdiskaping og et godt lokalsamfunn.

**Vi vil utvikle Solund saman.**

Gjenbruket – Havkroa – Nærbutikken Nåra  
Skafferielt mat & drikke – Spar Solund – Øybygg

